

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 124/2011

2012/EØS/16/02

av 2. desember 2011

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve) og
vedlegg II (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 112/2011 av 21. oktober 2011⁽¹⁾.
- 2) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 115/2011 av 21. oktober 2011⁽²⁾.
- 3) Kommisjonsforordning (EU) nr. 16/2011 av 10. januar 2011 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for snøggvarslingssystemet for næringsmiddel og fôr⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve og næringsmiddel. Føresegner om veterinære tilhøve og næringsmiddel skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I og i innleiinga til vedlegg II kapittel XII. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I kapittel I del 7.2 etter nr. 53 (kommisjonsforordning (EU) nr. 200/2010) skal nytt nr. 54 lyde:
"54. **32011 R 0016:** Kommisjonsforordning (EU) nr. 16/2011 av 10. januar 2011 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for snøggvarslingssystemet for næringsmiddel og fôr (EUT L 6 av 11.1.2011, s. 7)."
2. I kapittel II etter nr. 47 (kommisjonsforordning (EF) nr. 669/2009) skal nytt nr. 47a lyde:
"47a. **32011 R 0016:** Kommisjonsforordning (EU) nr. 16/2011 av 10. januar 2011 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for snøggvarslingssystemet for næringsmiddel og fôr (EUT L 6 av 11.1.2011, s. 7)."

Artikkel 2

I vedlegg II kapittel XII til avtala etter nr. 54zzzzzl (kommisjonsbeslutning 2010/169/EU) skal nytt nr. 54zzzzzm lyde:

- "54zzzzzm. **32011 R 0016:** Kommisjonsforordning (EU) nr. 16/2011 av 10. januar 2011 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for snøggvarslingssystemet for næringsmiddel og fôr (EUT L 6 av 11.1.2011, s. 7)."

⁽¹⁾ TEU L 341 av 22.12.2011, s. 72, og EØS-tillegget til TEU nr. 70 av 22.12.2011, s. 4.

⁽²⁾ TEU L 341 av 22.12.2011, s. 78, og EØS-tillegget til TEU nr. 70 av 22.12.2011, s. 12.

⁽³⁾ TEU L 6 av 11.1.2011, s. 7.

Artikkel 3

Teksta til forordning (EU) nr. 16/2011 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 3. desember 2011, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 2. desember 2011.

For EØS-komiteen

Kurt Jäger

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.